

Christine Ulveseth
Harald Sæveruds Veg 198
5237 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5537 - 21/43283

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
06.07.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 331/21 og 331 Håtuft

Tiltak: dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 331/21 og 331
Tiltakshavar: Morten Lutterloh Ulveseth
Ansvarleg søker: Morten Lutterloh Ulveseth

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje ved dokumentasjon på at tiltak og dispensasjonssøknad er nabovarsla. Ber om at søknad supplerast med eit vedlegg om slik dokumentasjon i tråd med pbl. §21-3.
2. Det må ligge ved situasjonskart frå Alver kommune. Dette kartet må få fram avstand til gjeldande byggjegrenser og strandsone. Her er det viktig å avklare avstand til nabogrenser. Dette er særleg viktig på nordsida av eigedomen, der det ser ut som om tiltak 1 mogeleg vil komme i strid med nabogrense.

Utbetra situasjonskart må òg vise mål på tiltak, slik som de har med på biletet 1 i tilsend søknad.

3. Minner om at dersom tiltak kjem nærmare enn 4 meter til nærmaste nabo må de leggje ved samtykke frå nabo i søknad, eller søkje dispensasjon frå nabogrensa etter pbl. §29-4.
4. Det må leggjast ved fagmessige teikningar av tiltaka som vedlegg i søknad. Teikningane skal vise plan, snitt, fasade, vere målsett og vise kotehøgd. Teikningane skal vise gamal situasjon og ny situasjon med aktuelle tiltak.

5. Ber om avklaring av eigedomsgrenser rundt tiltak 2 for renovering av brygge. Det kan sjå ut som om at dette tiltaket er utanfor eigedomsgrensa dykkar. Dersom dette er tilfellet må det leggjast ved privatrettsleg erklæring frå heimelshavar til å utføre tiltaket.
6. Tiltak ligg under marin grense, så det kan liggje marin leire. Ber om stadfesting på at byggjegrunn ikkje ligg i skred/rasutsatt område.

For meir informasjon om framgangsmåte, sjå: <https://dibk.no/bygge-eller-endre/>.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **11.08.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Christine Ulveseth
Daniel Hubertus Nakken Cloin
Morten Lutterloh Ulveseth
Morten Lutterloh Ulveseth

Harald Sæveruds Veg 198	5237	RÅDAL
Vestsidevegen 472	5357	FJELL
Harald Sæveruds Veg 198	5237	RÅDAL
Harald Sæveruds Veg 198	5237	RÅDAL